



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 23.11.2017
Vår ref.: 2017/847-56
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Prosjektilskot: Kunst og kultur - profesjonell - hausten 2017 - Underretning om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til *Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell*, hausten 2017.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama søknaden i politisk sak 138/17 på møte den 15.11 d.å. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 1.september var det kome inn 84 søknader. Samla søkesum var 3 433 376 kroner. Det var totalt 837 000 kroner til fordeling under *Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell* hausten 2017.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i [føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner](#).

Fylkesrådmannen si innstilling vart vedteke, [sjå politisk sak](#):

Vedlegg med individuell grunngjeving:

[vedleggPolitiskSakKIRU17/138](#)

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med *Klage -2017/904*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.